

# BACHELOROPPGÅVE

## **Barnehagen og barneverntenesta- eit betydingsfullt samarbeid**

Ei oppgåve om samarbeidet mellom barnehagen og barneverntenesta

Av

Kandidatnummer: 15  
Åsa Solbjør

Førskulelærerutdanning

SF3-312

Mai, 2014



## **Avtale om elektronisk publisering i Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt institusjonelle arkiv (Brage)**

Eg gjev med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva i Brage (Barnehagen og barneverntenesta- eit betydingsfullt samarbeid) dersom karakteren A eller B er oppnådd.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

Ved gruppeinnlevering må alle i gruppa samtykke i avtalen.

Fyll inn kandidatnummer og namn og set kryss:

Kandidatnummer: 15

Namn : Åsa Solbjør

JA       NEI

## Innholdsliste

Innleiing .....	1
Problemstilling.....	1
Begrepsavklaring .....	1
Metode .....	2
Val av metode med grunngjeving.....	2
Val av informantar og utval .....	2
Datainnsamling, behandling og analyse .....	3
Etiske omsyn.....	3
Feilkjelder, validitet, reliabilitet.....	4
Teori.....	5
Barn og barnevern .....	5
Kva fremjar og hemmar eit samarbeid?.....	5
Kvifor skal me samarbeide?.....	7
FNs barnekonvensjon og barnehagens samfunnsmandat .....	7
Tverrfagleg samarbeid.....	7
Barnehagens samarbeid med barnevernet.....	7
Opplysningsplikt .....	8
Rammeplanen.....	8
Barnevernets samarbeid med barnehagen.....	8
Teieplikt .....	9
Tilbakemeldingsplikt.....	9
Empiri.....	10
Intervju med styrarar.....	10
Faste treffpunkt og kunnskap.....	10
Teieplikt .....	10
Melding til barneverntenesta .....	11
Kvifor samarbeide.....	11
Intervju med barneverntenesta .....	11
Faste treffpunkt og kunnskap.....	11
Teieplikt .....	12
Melding til barnevernet.....	12

Kvifor samarbeide.....	13
Drøfting.....	13
Faste treffpunkt.....	13
Kunnskap.....	14
Melding til barnevernet.....	14
Fast kontaktperson.....	15
Teieplikt.....	16
Kvifor samarbeide.....	17
Avslutning.....	18
Litteraturliste.....	20
Ordinært pensum.....	20
Sjølvald pensum.....	20
VEDLEGG 1.....	22
Spørsmålsguide.....	22

## Innleiing

I denne oppgåva har eg valgt å fokusere på samarbeidet mellom barnehagen og barnevernet. Barnevernets hovudoppgåve er å sikre at barn som lev under forhold som kan skade helsa og utviklinga deira, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid (Kunnskapsdepartementet, 2011). For å kunne ta hand om desse barna er barnevernet avhengig av å få opplysningar frå andre. Dei ansatte i barnehagen er i ein sentral posisjon i forhold til å kunne observere og motta informasjon om barns omsorgs- og livssituasjon grunna sin daglege og nære kontakt med både barn og foreldre (Bunkholdt & Sandbæk, 2008). Det er derfor viktig at dei ansatte i barnehagen oppfyller opplysningsplikta når den inntreir og gir opplysningar til barnevernet. Likevel viser bufetat (2012) til tal som seier barnehagen står for berre fem prosent av bekymringsmeldingane til barnevernet. På grunnlag av dette kan ein stille seg spørsmål om samarbeidet mellom barnehagen og barnevernet er godt nok?

## Problemstilling

Problemstillinga eg har kome fram til er «Kva skal til for å få til eit godt samarbeid mellom barnehagen og barneverntenesta?». Eg har valgt denne problemstillinga fordi eg ynskjer å lære meir om dette temaet før eg er ferdig utdanna førskulelærer. Eg tykkjer utdanninga, slik den er no, tek dette viktige temaet altfor lite opp i undervisninga. Rammeplanen (2011, s. 60) seier «Den enkelte kommune må finne fornuftige løysingar på korleis barnehagen og barnevernet skal samarbeide». Med dette som bakgrunn vil eg, gjennom denne oppgåva, finne meir ut om korleis eit samarbeid mellom barnehagen og barnevernet kan sjå ut.

## Begrepsavklaring

Når eg nyttar begrepet tverrfagleg samarbeid i oppgåva, ligg Eriksen og Germeten (2012, s. 31) si smale forståing av tverrfagleg samarbeid til grunn; «Den smale forståelsen av begrepet tverrfaglig samarbeid inkluderer ulike profesjoner og andre ansatte i institusjoner, instanser og etater samarbeider om et felt eller et område, mot et felles mål». I denne oppgåva skal eg dermed fokusere på barnehagen og barnevernet. Eg kjem ikkje til å fokusere på barn, unge og foreldre som ein del av samarbeidet.

Når eg nyttar ordet samarbeid ligg denne definisjonen til grunn; «samspill, kompaniskap og det å arbeide sammen» (Glavin & Erdal, 2010, s. 27). Alt samarbeid eg skriv om i oppgåva er knytt opp mot barneveret og barnehagen. Eg kjem ikkje til å ta føre meg samarbeid med andre instansar.

## Metode

### Val av metode med grunngeving

Metode er ein framgangsmåte for å skaffe seg ny kunnskap og løyse problem (Dalland, 2007). Metoden skal gi oss gode data og setje eit fagleg lys på problemstillinga vår. «Kunnskap om metode er et hjelpemiddel til å reflektere kritisk over de funnene man kommer fram til» (Jacobsen, 2013, s. 20). Innanfor samfunnsvitskapen skil ein mellom kvalitativ og kvantitativ metode. I ein kvantitativ metode går ein i breidda, der ein tek føre seg mange einingar. Informasjonen ein får er målbare ved å gjere den om til tall. Ein kan nytte for eksempel spørjeskjema for å hente inn informasjon i kvantitativ metode (Dalland, 2007).

For å belyse problemstillinga mi har eg valgt ein kvalitativ tilnærming i form av opne intervju. I eit kvalitativt design går ein i djupna på eit tema (Jacobsen, 2013). Når ein går i djupna ynskjer ein å få fram ei så heilheitleg beskriving som mogleg av eit fenomen eller ein eining. Ein ynskjer å få tak i den enkeltes forståing og fortolking av eit fenomen. Ein undersøker få einingar, der data ein får inn er uttrykt med informantens eigne ord og meiningar. Det positive med eit kvalitativt forskingsdesign er at det er opent, noko som gir nyanserte data . Ein får fram den enkeltes meining og forståing kring eit tema. Ved å undersøke få einingar skapar ein nærleik mellom den som intervjuar og den som blir intervjuet, gjennom for eksempel lange samtalar. Kvalitative design er også svært fleksible. Som utgangspunkt har ein ei problemstilling som ein ynskjer å belyse, men i eit kvalitativt design kan ein undervegs i prosessen gå tilbake å endre problemstillinga etter kvart som ein får informasjon frå informanten (Jacobsen, 2013).

Det er fleire ting som viser seg å vere svake sider ved kvalitativt design. For det første er metoden ressurskrevjande (Jacobsen, 2013). I forkant av for eksempel intervju må ein førebu seg, og i etterkant må ein transkribere og analysere data ein har funne. Dette fører ofte til at ein må nøye seg med å studere få einingar. Dette gjer at ein får problem med representativiteten til dei ein undersøker. Det er vanskeleg å sei at det ein finn, kan gjelde for andre enn dei ein har undersøkt. Eg har blant anna intervjuet tre styrarar, men det eg har funne i deira intervju kan ikkje generaliserast og gjelde for alle styrarar. For det andre får ein inn mykje informasjon som er nyanserik (Jacobsen, 2013). Dette gjer at det kan vere vanskeleg og tidkrevjande å tolke. For det tredje kan det vere problem med nærleik. I nokre tilfelle kan nærleiken bli for stor, og ein kan fort byrje å forsvare det informanten seier og/eller gjer, i staden for å halde seg kritisk og fri.

### Val av informantar og utval

Når det er snakk om einingar i intervju er einingane menneskjer (Jacobsen, 2013). I byrjinga ville eg intervjuet både tre pedagogiske leiarar, tre styrarar og ein representant frå eit barnevernkontor, men då kvalitativ design er ein tidkrevjande metode måtte eg redusere antall einingar. Eg valde då å intervjuet tre styrarar og ein representant frå eit barnevernkontor. Eg har valgt å kalle dei eg skal intervjuet for informantar fordi dei gir informasjon om både barnehagen og barneverntenesta. Jacobsen (2013, s.114) seier dette om informantar; «Dette er personer som ikke sjelv representerer gruppen vi undersøker, men

som har god kunnskap om gruppen (eller fenomenet)». Dette var eit strategisk val av informantar, då eg meiner dei kan gi meg mykje og god informasjon (Dalland, 2007). I forhold til barnehagens samarbeid med barnevernet er det styrarane som har den regelmessige kontakten med barnevernet gjennom for eksempel ulike møter (Glavin & Erdal, 2010) og bekymringsmeldingar og opplysningar skal normalt gis av styrar (Eriksen & Germeten, 2012). Eg ville også intervju ein person frå barnevernet for å belyse problemstillinga mi frå barnevernet si side. Dette vil forhåpentlegvis gjere til at eg får variert og innhaldsrik informasjon eg kan bruke i oppgåva.

## **Datainnsamling, behandling og analyse**

I forkant av intervju tok eg kontakt med informantane på telefon, der me avtalte tid og stad for intervju. Under intervju noterte eg ned stikkord samtidig som eg brukte bandopptakar. Etter intervju reinskreiv eg notatane og bandopptaka eg hadde samla. Dette gjorde eg så fort som mogleg for å ikkje gløyme vesentlege ting som kom fram i intervjuet. Eg plukka deretter ut relevant empiri for problemstillinga mi og skreiv det inn i oppgåva. Eg har valgt å nytte innhaldsanalyse. Innhaldsanalyse er ein teknikk der ein deler data inn i tema/kategoriar, for så å sjå samanhengar mellom kategoriane (Jacobsen, 2013). Eg deler data inn i ulike tema etter kva informantane snakka om.

## **Etiske omsyn**

I ei undersøking på andre menneskjer er det nokre grunnleggjande krav som bør forsøkast å bli tilfredstilt; informert samtykke, krav til privatliv og krav til å bli gjengjiven korrekt (Jacobsen, 2013). For å få tilfredstilt informert samtykke har informantane i denne undersøkinga sjølv bestemt om dei ynskjer å delta i undersøkinga eller ikkje. Eg ringde direkte til informantane for å informere om at eg skriv bacheloroppgåve, kva tema eg skriv om og om dei kunne tenkje seg å bli intervju. I forkant av intervju fekk informantane utdelt tema og problemstilling for bacheloroppgåva. Dei fekk ikkje utdelt intervjuguiden. Dersom ein gir ut all informasjon vil dette påverke undersøkingas pålitelegheit (Jacobsen, 2013). Viss den som blir undersøkt veit alt om kva som skal undersøkast vil sannsynlegheita for at dei førebur seg og tilpassar svara sine auke, og ein kan få falske resultat. Ved at informantane fekk utdelt problemstillinga på førehand kan dette ha påverka svara eg fekk.

Informantane har også rett til privatliv (Jacobsen, 2013). I forkant av intervju gav eg beskjed om at informantane vil bli haldt anonyme. For å behalde informantane sitt privatliv har eg valgt å ikkje skrive noko om personopplysningar og kva kommune dei arbeider i. Eg kjem til å skrive yrkestittelen deira, men sidan informantane er spedd over fleire kommunar vil det vere vanskeleg å identifisere enkeltpersonar. Temaet samarbeid mellom barnehage og barnevern kan vere privat og følsamt, men eg har valgt å halde meg på eit generelt nivå, og ikkje gå inn i enkeltsaker. Dette berer intervjuguiden min preg av (vedlegg 1).

Når det kjem til riktig presentasjon av data vil eg prøve å gjengi resultat utan manglar og i rett samanheng (Jacobsen, 2013). Eg vil unngå å ta sitat ut frå ein større samanheng, slik at det ikkje misser den eigentlege

meininga. Under intervjuet valgte eg å bruke bandopptakar. Fordelen med å bruke bandopptakar er at ein får med seg alt det informantene seier ordrett (Jacobsen, 2013). Frå tidlegare har eg erfaring med at dersom ein ikkje har bandopptakar kan ein fort bli for oppteken av å notere ned det informantene seier, ein stiller ikkje oppfølgingsspørsmål og samtalen flyt ikkje like bra som ein hadde ynskja. Dette fører til at ein ikkje klarer å få til ein god kontakt med informantene og viktig informasjon kan bli utelatt. Ei ulempe med bruk av bandopptakar er at den «lurer» intervjuaren til å slappe av under intervjuet (Jacobsen, 2013). Ein kan fort tenkje at ein ikkje treng å notere ned noko fordi ein har det på opptak. Eg prøvde å vere bevisst dette, og noterte ned viktige stikkord undervegs i intervjuet. Ei anna ulempe med bandopptakar er at informantane kan reagere negativt på å bli teken opp på band (Jacobsen, 2013). For å unngå dette spurte eg informantane på førehand om det var greitt at bandopptakar vart brukt. Eg informerte om at opptaka kun skulle nyttast i bacheloroppgåva, og eg var den einaste som skulle lytte til opptaka. Eg sa også opptaka ville bli sletta etter eg hadde transkribert intervjuet. God informasjonsgiving på førehand trur eg gjorde til at informantane gjekk med på å bruke bandopptakar. Eg merka ein av informantane brukte lang tid på å tenkje ut kva den skulle svare, og var kanskje redd for å sei noko «feil». Dette kan ha vore grunna bandopptakaren.

### **Feilkjelder, validitet, reliabilitet**

Sidan eg har brukt bandopptakar kan lyd kvaliteten vere ei feilkjelde (Jacobsen, 2013). Noko av lyden kan ha falt vekk/ vore uklår, og gjort til at noko av funna blir ufullstendige. Når ein brukar bandopptakar får ein ikkje med seg den non-verbale kommunikasjonen, som for eksempel kroppsspråket til informantene. Under intervjusituasjonen vart ikkje noko av dette notert ned, noko som kan påverke tolkinga av funna og det fullstendige uttrykket til informantene.

Validitet handlar om relevans og gyldighet (Dalland, 2007). Det som blir målt må vere relevant og gyldig for det problemet som blir undersøkt. Før eg gjekk i gong med intervjuet utførte eg eit pilotstudie. I eit pilotstudie testar ein ut metoden ein har tenkt å nytte. Dette førte til endring av intervjuguiden. Ei slik forundersøking kan auke gyldigheita til undersøkinga ved at ein bli sikrere på at ein stiller dei rette spørsmåla (Jacobsen, 2013). Informantane snakka ut i frå egne erfaringar, og mange av svarea dei gav samsvarte med dei andre informantane. Mykje av funna samsvarar også med teorien som er nytta i oppgåva. Dette styrkar gyldigheita til funna.


Reliabilitet betyr pålitelegheit, og handlar om at målingane må utførast korrekt, og ein må angi eventuelle feilmarginar (Dalland, 2007). Eg intervjuet informantane på deira arbeidsplass slik at dei skulle oppleve ein trygg og god atmosfære å bli intervjuet i. Ein må også tenkje at ting som dagsform, kommunikasjon og andre praktiske/personlege årsaker kan ha hatt ein innverknad på resultatene i oppgåva. I kvalitativ metode får ein inn mykje og nyansert informasjon (Jacobsen, 2013). Med så mykje informasjon er det alltid ein fare for at ein ubevisst silar ut noko informasjon og missar detaljar.



## Teori

### Barn og barnevern

I 2012 mottok 53 200 barn og unge i alderen 0-22 år tiltak frå barnevernet (Statistisk Sentralbyrå, 2013). Det er ein svak vekst på 2 % frå året tidlegare. Dei vanlegaste meldarane er politi, barnets foreldre, barneverntenesta og skulen (Barne,- ungdoms- og familiedirektoratet, 2013). I følgje Bufetat (2012) var det, i 2010 til 2011, ei auke på meir enn 24 % på antall meldingar frå som førte til undersøkingar frå barnehagar. Tabellen over viser at barnehagen likevel står for kun 5 % av meldingane til barnevernet.



Eriksen og Germeten (2012) viser til Backe- Hansens forskning (2009). Den viser at samarbeid ofte handlar om å gjere terskelen for å sende bekymringsmelding lågare. Den peiker blant anna på at rettleiing kan gjere terskelen for å melde lågare, som igjen fører til betre samarbeid. Ved å få kunnskap og rettleiing i konkrete saker frå tilsette i barnevernet vil ein føle seg tryggare og meir sikre på det arbeidet ein gjer i forhold til ei bekymringsmelding.

### Kva fremjar og hemmar eit samarbeid?

Glavin og Erdal (2010) gjer greie for fleire faktorar som er viktige for å lukkast med eit tverrfagleg samarbeid. Ein av faktorane er forankring og system. Eit samarbeidssystem må vere forankra i kommunens planar for at det skal overleve, og ikkje vere avhengig av enkeltpersonar. Det er viktig at alle instansar har tverrfagleg samarbeid i sitt planarbeid. Faktoren realistisk syn på samarbeidsmoglegheiter handlar om å sjå at andre har noko å bidra med også. Det vil vere lettare å oppnå dette ved å ha kjennskap til kvarandres fagområder. Kvar enkelt deltakar i samarbeidet må oppleve samarbeide som nyttig, og etatane må sjå at dei har bruk for kvarandre sin kompetanse.

Tryggleik er ein faktor som må til for at ein deltakar skal yte noko i eit samarbeidsforum (Glavin & Erdal, 2010). For å skape tryggleik må dei ulike samarbeidspartnarane gir kvarandre innsikt i eiga rolle og åtferd, og kva som kan verke hemmande og fremmande på arbeidet. Det er også viktig å vise respekt for kvarandres ulikheiter og faglegheiter. Det same seier også Eriksen og Germeten (2012, s. 228); «Samarbeidet på kommunalt nivå mellom barneverntjenesten, barnehager og skoler må bygge på

gjensidighet, likeverdighet, tillit og respekt. Det innebærer mer synlighet, åpenhet og tilgjengelighet og faste møteplasser for partene (...)).

Ein anna faktor som Glavin og Erdal (2010) viser til er tillit. Når ein torer å vere direkte og sakleg, og samarbeidet er basert på respekt, openheit og ærlegheit vil det føre til tillit. Tillit handlar om å ha tillit til at andre har relevante kunnskaper, og dei ser at du har relevante kunnskaper. «Tillit er både en forutsetning for samarbeid og et resultat av samarbeidet» (Kvello & Moe (red.), 2014, s. 99). Grimen (2008, i Kvello & Moe, 2014) viser til at tillit gjer både samarbeidet og overføring av informasjon og kunnskap lettare. For å utvikle tillit føreset det at folk møtast, blir kjende, avklarar gjensidige forventingar og gir moglegheiten til å samarbeide med kvarandre (Kvello & Moe (red.), 2014). For å opparbeide seg tillit peiker Winsvold (2011) på at felles kursing og felles møteplassar er noko av det dei ansatte verdset høgt. Glavin og Erdal (2010, s. 47) seier «regelmessige møter etter fastsatt møteplan er også noe som har vist seg å være av betydning».

Det er også viktig med kunnskap om kvarandre (Glavin & Erdal, 2010). Det same gir også Eriksen og Germeten (2012) uttrykk for. Dei meiner det er nødvendig å ha betre kjennskap til og å vere meir oppdatert på kvarandres mandat og arbeidsoppgåver for å få til eit betre samarbeid mellom og på tvers av profesjonar. Samarbeidsaktørane må få kunnskap om den enkeltes rolle og ansvar (Glavin & Erdal, 2010). Tverrfaglege møter kan bidra til å auke kunnskapsnivået og byggje opp kompetanse hjå dei ulike yrkesutøvarane. Det å ha lite kjennskap til kvarandre sine arbeidsområde kan føre til at dei ulike profesjonane ikkje har tillit til kvarandre sin kompetanse.

Eriksen og Germeten (2012) seier at ved å utpeike ein fast kontaktperson i barnevernet, som dei samarbeidande institusjonane kan verte kjende med og kontakte, kan det bli lettare å ta kontakt med og inngå eit samarbeid med barnevernet. Ein må bruke lang tid på å bli kjende med kvarandre for å få til eit tverrfagleg samarbeid (Kvello & Moe (red.), 2014). Winsvold (2011) viser til at det er eit tydeleg behov for å bli betre kjent på tvers av fag og etatar, og det å ha eit ansikt å forholde seg til opplevast som viktig.

I Glavin og Erdal (2010) si bok, *Tverrfagleg samarbeid i praksis*, blir det sagt at noko av det som kan hindre eller vere ein motstand i eit tverrfagleg samarbeid er når ein part føler at samarbeide ikkje er nyttig for seg. Ein må kunne, i tillegg til å tilføre noko, oppleve at ein får noko igjen. Det er viktig med ein balanse som hindrar opplevinga av at ein gir meir enn ein får.

I eit tverretatleg samarbeid vil det delta fagpersonar med ulik yrkesutdanning innanfor for eksempel barnevern og barnehage (Kinge, 2012). Ulike verdiar, normer, fagsyn og oppfatning av problem kan vere med å hemme samarbeidet. Samarbeidet blir altså hemma av for lite kunnskap om kvarandres kompetanse og faglege tradisjonar. Fleire studiar viser til at informasjonsutveksling og utvikling av dei tilsettes samarbeidskompetanse kan vere viktige tiltak som er med på å fremje samarbeid (Kinge, 2012).

## Kvifor skal me samarbeide?

### FNs barnekonvensjon og barnehagens samfunnsmandat

Nødvendigheita av samarbeidet mellom barn, foreldre, barnehage og barnevern er nedfelt i barnehagens samfunnsmandat og i FNs barnekonvensjon (Eriksen & Germeten, 2012). Prinsippet om at det skal takast omsyn til *barnets beste* finn ein i FNs barnekonvensjon (Larsen & Slåtten, 2011). Konvensjonen skal verne barns spesielle behov og interesser, og er bygd opp omkring dei tre P-ane; barns rett til å bli forsørge (Provision), til beskyttelse (Protection) og til deltaking (Participation). Alle land som har slutta seg til konvensjonen er forplikta til den. Noreg ratifiserte FNs barnekonvensjon i 1990 (Lindboe, 2008: Larsen og Slåtten, 2011). Barnehagens samfunnsmandat seier «Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling (...)» (Kunnskapsdirektoratet, 2011, s. 7). Eit tverrfagleg samarbeid kan vere både viktig og nødvendig for å oppfylle barns rettigheter etter barnekonvensjonen (Eriksen & Germeten, 2012).

### Tverrfagleg samarbeid

Eit overordna mål for eit tverrfagleg samarbeid er å hjelpe barn og unge med behov for særskilt hjelp og deira foreldre (Kinge, 2012). For å nå dette målet må ein betre kvaliteten på det heilheitlege hjelpetilbodet til barnet og familien. Det er viktig med fleire fagpersonars kunnskapar når eit barn har behov for hjelp, støtte og tilrettelegging. Det er også viktig å utarbeide rutinar, retningslinjer og samarbeidsordningar for det tverrfaglege samarbeidet i kommunen, slik at familiar som har behov for hjelp raskt kan få det. Det å ha kunnskap om kvarandre sine faggrupper er viktig for å kunne nytte kvarandre sine ressursar (Kinge, 2012).

Tverrfaglege møter og samarbeid kan bidra til auka kompetanse og kunnskap om kvarandre sine yrkesgrupper, noko som igjen vil føre til betre kvalitet på tilboda til barn og deira familie (Glavin & Erdal, 2010). Barnevernet kan for eksempel kome til barnehagen, og dei ulike faggruppene kan drøfte ulike problemstillingar og utveksle informasjon for å auke kompetansen og skape ny kunnskap om kvarande og tilboda dei gjev. Ved å samarbeide på tvers av etatar kan ein samkøyre kunnskap og informasjon, noko som gjer det lettare å fatte dei rette beslutningane og setje i verk tiltak raskare (Glavin & Erdal, 2010).

For å nå den overordna målsettinga er det til slutt viktig å gjere seg synleg, tilgjengeleg og «attraktiv» for bebuarane i kommunen. Ved å ha eit kjent og «attraktivt» hjelpeapparat er det lettare å søke om hjelp når det er behov. Eit ukjent og «mystisk» hjelpeapparat kan føre til at færre nyttar seg av hjelp (Kinge, 2012).

### Barnehagens samarbeid med barnevernet

Barnevernets hovudoppgåve er å «sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid» (Barne- og likestillingsdepartementet, 2005, s. 2). For at barnevernet skal kunne utføre hovudoppgåva si er dei avhengige av at blant anna barnehagen melder ifrå til den kommunale barnevernstenesta ved bekymring. Barn tilbringer mykje tid i barnehagen i

løpet av sine første leveår, noko som gir barnehagetilsette ein unik moglegheit til å observere barn over tid og i ulike situasjonar (Kunnskapsdepartementet & Barne- og likestillingsdepartementet, 2009). Det er i dag eit sterkt fokus på å komme tidlegast mogleg inn for å gi hjelp til dei som treng det, og barnehagen er dermed ein sjølvsgt samarbeidspartnar for barnevernet (Horverak & Solstad (red.), 2008). Barnehagen er lovpålagt å fylgje opplysningsplikta (Barne- og likestillingsdepartementet, 2005).

### Opplysningsplikt

Opplysningsplikta går ut på at barnehagepersonalet skal vere merksame på forhold som kan føre til tiltak frå barnevernstenesta si side (Glavin & Erdal, 2010). Ein har plikt til å oppgi opplysningar til barnevernet når ein mistenkjer at eit barn blir mishandla i heimen eller utsett for andre former for alvorleg omsorgssvikt, eller når eit barn har vist vedvarande alvorlege åtferdsvanskar (Barne- og likestillingsdepartementet, 2005). Det er viktig å hugse på at opplysningsplikta opphevar teieplikta som barnehageansatte er underlagt (Glavin & Erdal, 2010). Når ein melder ifrå til barnevernet ved bekymring er det viktig at foreldre blir informert om dette på førehand. Eit viktig unntak frå dette er når ein mistenkjer seksuelle overgrep eller grov mishandling frå ein av barnas omsorgspersonar, då skal saken meldast til barnevernet utan at foreldra blir informert på førehand for å bevare barnets sikkerheit (Glavin & Erdal, 2010).

«I samarbeidet mellom barnehagen og barneverntjenesten er det viktig at barnehagen deler sin kunnskap om barnet med barneverntjenesten. Barnevernet vil da kunne legge opp til et best mulig tilbud for barnet i samarbeid med foreldrene» (Glavin & Erdal, 2010, s. 176).

### Rammeplanen

Rammeplanen (2011, s. 60) seier: «Det bør etablerast eit generelt og systematisk samarbeid mellom barnehagen og barnevernet. Den enkelte kommune må finne fornuftige løysingar på korleis barnehagen og barnevernet skal samarbeide. Målet bør vere å få til eit samarbeid som er basert på regelmessig og formalisert kontakt, på felles mål i forhold til barnet og på kunnskap om arbeidsoppgåvene og arbeidsformene til kvarandre. Barnehagen og barnevernet er to av fleire aktørar som bidreg til å skape trygge oppvekstvilkår for små barn».

### Barnevernets samarbeid med barnehagen

Barneverntenesta må forhalde seg til barnevernlova. «Barnevernlovens formål er å «sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp om omsorg til rett tid». Videre skal den «bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår»» (Larsen & Slåtten, 2011, s. 259). For at barneverntenesta skal kunne utføre oppgåvene sine, må den i mange samanhengar samarbeide med andre instansar (Kvelling & Moe (red.), 2014). Eit samarbeid kan blant anna dreie seg om å motta og vurdere bekymringsmelding frå barnehagen, gjennomføring av barnevernundersøkingar og å setje i verk ulike barneverntiltak. For å styrke og stimulere barns oppvekstsituasjon nyttar barnevernet ofte barnehagen som hjelpetiltak (Glavin & Erdal, 2010). Barnehagen blir ein viktig samarbeidspartnar for barneverntenesta ved

at barnehagen blir brukt som tiltak etter lova, men og ved at den fungerer som ein observasjonsstad (Sagbakken og Aanderaa, 1993; Glavin og Erdal, 2010).

«Barneverntjenestens krav til samarbeid er gitt i barnevernloven §3-2, hvor det blant annet heter at «barneverntjenesten skal samarbeide med andre sektorer og forvatningsnivåer når dette kan bidra til å løse oppgaver som den er pålagt etter denne loven»» (Kvello & Moe (red.), 2014, s. 88).

Det er ynskjeleg, både frå eit statleg og kommunalt nivå, at barnevernet skal vere ein del av eit heilheitleg og koordinert hjelpetilbod (Kvello & Moe (red.), 2014) . Auka openheit og større vilje og evne til å samarbeide med andre fagpersonar og etatar vil tene både barneverntenesta sitt omdømme og tenestas evne til å hjelpe barn gjennom vanskelege oppvekstforhold.

### **Teieplikt**

Barnevernet har ei spesiell rolle i det kommunale velferdsapparatet (Kvello & Moe (red.), 2014).

Barnevernet kan beskrivast som både tenesteleverandør og myndigheitsutøvar. Det vil seie at dei leverer tenester og forvaltar eit lovverk som under gitte føresetnader gir rom for tvangstiltak. Dei er dermed blant anna underlagt strengare teiepliktbestemmingar enn andre kommunale verksemder. Denne spesielle rolla som barnevernet er i kan vere vanskeleg å formidle til samarbeidspartnarar, og kan dermed gjere det tverrfaglege samarbeidet vanskeleg (Kvello & Moe (red.), 2014). «Når kontakten mellom barnehagen og barneverntjenesten oppleves som ensidig og lukket, fører dette til usikkerhet i forhold til hvordan informasjonen barnehagen gir fortolkes og brukes» (Eriksen & Germeten, 2012, s. 81).

Kinge (2012) seier teieplikta ikkje nødvendigvis treng å vere til hinder for informasjonsoverføring og utveksling i eit tverretatleg team og samarbeid. Ein kan hente inn samtykke frå foreldre, noko som vil føre til eit samarbeid som inneheld variert kunnskap og auka forståing for handlingsmoglegheiter (Kinge, 2012).

### **Tilbakemeldingsplikt**

I 2009 kom ei ny lov i barnevernlova, §6-7 a; Tilbakemelding til melder (Lovdata, 1993). Den handlar om at barneverntenesta skal gi tilbakemelding til den som har sendt melding til barnevernet. Tilbakemeldinga skal bekrefte at meldinga er motteken og om det er opna undersøkingssak, og eventuelt omfang og gjennomføring av saka. Tilbakemeldinga skal komme innan 3 veker etter meldinga er motteken.

## Empiri

Eg har valgt å dele styrarane inn i S1, S2 og S3. Den fjerde informanten blir kalla informanten frå barneverntenesta. Dette har eg gjort for å gjere funna frå dei ulike informantane oversiktlege og for å halde informantane anonyme. Eg presenterer funna under overskriftene «intervju med styrarar» og «intervju med barneverntenesta». Eg har tematisert funna inn i underoverskrifter etter kva informantane snakka om (Dalland, 2007).

## Intervju med styrarar

### Faste treffpunkt og kunnskap

På spørsmålet om korleis samarbeidet mellom barnehagen og kommunen var svarte alle styrarane at dei hadde faste HSP-møter (Helse, Sosial og Pedagogikk). På desse møta deltek barneverntenesta, barnehagen, PPT (Pedagogisk Psykologisk Teneste) og helsestasjonen. Her diskuterer dei ulike casar og anonyme problemstillingar, blir betre kjende med kvarandre og har kurs og opplæring. Målet er å ha desse møta ein gong i halvåret, men S3 sa dei ikkje alltid fekk dette til.

S1 sa dei også hadde hatt ulike fagtemamøter, der barnevernet presenterte seg sjølv og korleis dei arbeider. Dei var også saman i ulike leiarfora. Her vart dei kjende med menneska som jobba i barnevernet. Dei er også med i eit landsomfattande prosjekt som blir kalla Betre Tverrfagleg Innsats (BTI). Her arbeider ein tverrfagleg gjennom eit barns liv og ein blir kjend med dei ulike instansane.

S2 fortalte at i deira kommune hadde alle styrarar vorte invitert av barnevernet til einingsmøter fleire gonger. Dei fekk sjå kva saker dei hadde, korleis dei hadde det og dei fekk sjå eit ansikt. Dette hadde vore forløysande til at S2 tok opp og meldte ei sak til barnevernet. Barnevernet hadde også vore med på personal- og foreldremøter, der dei hadde informert om barnevernet og deira oppgåver. S3: «Det barnevernet har vore veldig på hogget på no, det er å ufarleggjere barneverntenesta». S3 seier barneverntenesta ynskjer å gi ein del informasjon til dei tilsette i barnehagen og foreldre. Informanten seier vidare at ein del av ufarleggjeringa er å ha ein fast kontaktperson. Både S2 og S3 har ein fast kontaktperson i barnevernet som dei kunne ta kontakt med. Dei kunne ringe om dei ynskja tips eller rettleiing. Dei sa det var lettare å ta opp ting når dei visste kven dei snakka med.

### Teieplikt

Når eg spurde om korleis dei skulle ynskje samarbeidet var svarte både S1 og S3 at det var sterke bindingar i forhold til barnevernet si teieplikt. Dei kunne tenkje seg at barnevernet informerte litt tettare og oftare etter barnehagen hadde meldt ei sak. S1 sa det kan opplevast som om barnevernet er litt utilgjengelege. S1 sa: «Barneverntenesta fekk ei lovending, der dei skal gi tilbakemelding om kva som skjer med barnet, med det tek ofte veldig lang tid før me veit kva som skjer. Og me veit veldig lite om kva som skjer med barnet». S1 sa også at ho/han skulle ynskje barnevernet spurde foreldra om tillating til å gi informasjon til

barnehagen, det var det sjeldan dei gjorde. S3 sa: «dei har eit anna lovverk i forhold til å gi ut informasjon, og det må eg akseptere».

S2 seier samarbeidet, slik det er no, er slik ho/han ynskjer det skal vere. S1 seier ho/han ikkje er redd for å ta kontakt med barnevernet, får god og tett oppfølging av barnevernet og dei kjenner godt til kvarandre.

### **Melding til barneverntenesta**

Eg spurde informantane kva ein kan gjere for å heve talet på antall meldingar frå barnehagen til barnevernet. S1 sa ho/han trudde det handla mykje om kunnskap om barnevernet og mangel på tillit til barnevernssystemet. S1 seier vidare at for å få tillit er det viktig at ein blir kjend med menneska som arbeider i barneverntenesta, kva hjelpetiltak ein kan nytte seg av og at ein ser at tiltaka nyttar. S2 sa barnevernet har vore med å ufarleggjort seg sjølv ved å vore i barnehagane og vist seg fram. S2 sa også det er viktig at barnehagepersonalet føl plikta ein har om å melde ifrå når ein er bekymra. Før hadde dei tenkt dei måtte vere 100 % sikre før ein sendte ei bekymringsmelding, men etter ei førelesing dei hadde vore på, hadde dei lært at det var nok å ta kontakt med barnevernet om du hadde ei dårleg magekjensle.

Når eg spurde S3 om det var vanskeleg å melde til barnevernet sa ho/han at det alltid var ein terskel, og dei måtte vere 100 % sikre. Men dei hadde faste rutinar som dei gjennomførte når dei fekk ei bekymring for eit barn. På spørsmålet om kva som kunne gjere det mindre vanskeleg å melde til barnevernet seier S3 at informasjon og positiv omtale om barneverntenesta er viktig for å få til eit godt samarbeid.

### **Kvifor samarbeide**

Alle styrarane sa barnehagen er ein viktig samarbeidspartnar for barnevernet fordi dei fleste barn går i barnehagen, og barna er i barnehagen store delar av si vakne tid. Barnehagen kjem veldig nær både barn og foreldre, og det viktigaste ein kan gjere er å sjå og vise barnet omsorg.

Ved spørsmål om korleis eit godt samarbeid med barnevernet vil påverke barnehagen svarte S1 at då kunne barnehagen og barnevernet brukt kvarandre som rådgivarar. S1 seier at no brukar barnehagen barnevernet mykje som rådgivar, men dei opplever sjeldan det motsette. S1 seier alle til ein viss grad har angst for barnevernet, men etter kvart som dei har jobba tverrfagleg, med blant anna barneverntenesta, så har det blitt mindre barrierar. S1 seier: «Så det å bli kjent med kvarandre og vite om kvarandres mandat og kvarandres oppdrag, det er veldig viktig». S2 seier dei har eit ynskja samarbeid med barnevernet. «Me blir tryggare i å vite kva me skal sjå etter når det er snakk om mistanke om vald eller at ungar ikkje har det så bra».

### **Intervju med barneverntenesta**

#### **Faste treffpunkt og kunnskap**

På spørsmålet om korleis samarbeidet mellom barneverntenesta og barnehagen var i kommunen svarte informanten frå barnverntenesta at kommunen hadde ein plan som heitte «Barn og unge i fokus». Den

beskriv korleis ein skal samarbeide. Informanten sa også at kommunen har vedteke, og det står i kommunen sin barnehageplan at det skal haldast HSP-møter to gonger i året for å sikre god kontakt mellom barnehage, PPT (Pedagogisk Psykologisk Teneste), helsestasjon og barnevern. Her skal ein utveksle kunnskap og erfaringar og verte kjende med kvarandre sine arbeidsfelt. Det er styrarane som har ansvar for å kalle inn til desse møta. På desse møta får barnehagane faste kontaktpersonar i barnevernet slik at det er eit kjent ansikt dei møter, noko som skapar tryggleik. Informanten frå barneverntenesta sa også at dei hadde ein ressurstelefon for alle i kommunen. Her kan ein ringje dersom ein har ei problemstilling ein ynskjer å drøfte.

Informanten sa også at barnehagen er eit av Noregs mest brukte hjelpetiltak i barnevernet. For å få til eit godt samarbeid mellom barnevernet og barnehagen seier informanten det er viktig å møte kvar person ein er i kontakt med på ein respektfull måte, og ein må ha ei forståing for kva oppgåver ein har, men også kunne stille kritiske spørsmål. Det er viktig å skape ein tryggleik slik at ein kan diskutere saman.

Informanten beskriv barneverntenesta si rolle i samarbeidet med barnehagen som å rettleie barnehagen når vanskelege situasjonar eller bekymringar for eit barn oppstår. Barnevernet har blant anna vore inne i alle barnehagane i kommunen og hatt ei internundervisning om opplysningsplikt, meldeplikt, korleis ein arbeider, kva tiltak ein kan setje i verk og kva barnehagen kan forvente av tilbakemeldingar frå barnevernet. Informanten sa også at barneverntenesta var blitt invitert av barnehagen til foreldremøte for å presentere barneverntenesta for foreldra.

### Teieplikt

Informanten frå barneverntenesta sa barnehagen har ei større rett på å gi tilbakemelding på kva som skjer, medan barnevernet i visse situasjonar må halde tilbake ein del informasjon fordi lova regulerer det. Informanten sa barnevernet alltid prøver å få til eit samtykke frå foreldra slik at informasjonsflyten kan gå. Dei fleste foreldre ser nytta av at barnevernet og barnehagen snakkar ilag, men ein liten prosentdel ynskjer inga kontakt mellom barnehagen og barnevernet. Informanten sa det kunne vere fleire grunnar til dette, blant anna kva opplevingar dei sjølve hadde, kva dei les i media og kva dei trur kjem til å skje.

### Melding til barnevernet

På spørsmålet om kva konsekvensar det har at barnehagen er den instansen som melder minst ifrå til barnevernet seier informanten at forskning viser at jo tidlegare barns problem blir oppdaga og blir gjort noko med, til betre føresetnader har dei vidare i livet. Informanten sa barnehagane i kommunen melder meir no enn før. Dette blir begrunna med at barneverntenesta har hatt fokus på det og det ligg mange år med tett samarbeid bak. At barnehagane byrjar å melde ifrå til barnevernet oftare vil føre til at barn vil få den rette hjelpa til rett tid, og foreldra har moglegheit til å endre seg på eit tidlegare tidspunkt. Informanten seier også dei er i kontakt med barnehagar som aldri har sendt ei bekymringsmelding til dei nokon gong, noko



som dei synest er veldig spesielt. Informanten seier vidare; «Verden er jo ikkje så fin at det ikkje har vore behov for det, men det spørers kva fokus ein har».

### **Kvifor samarbeide**

Når spørsmålet om kvifor barnehagen er ein viktig samarbeidspartnar for barnevernet blir stilt seier informanten frå barneverntenesta at dei fleste barn går i barnehagen, og dei er der store delar av dagen. Informanten seier vidare at barnehagen er kjempeviktig for barns oppvekst, då spesielt med tanke på språk og sosial utvikling. «Personalet i barnehagen kan sjå på barna med nye auger og vere med å setje fingern på ting dersom det er vanskar med barnet».

### **Drøfting**

I drøftinga knyter eg empiri og teori saman. Eg har teke noko utgangspunkt i Glavin og Erdal (2010) sine faktorar for eit godt samarbeid. Det er viktig å hugse på at ikkje alle styrarinformantane ligg under same barnevern. Dette kan vere med å påverke framstillinga mellom svara frå barneverntenesta og barnehagestyrarane. Drøftinga er delt inn i underoverskrifter etter ulike tema (Jacobsen, 2013).

### **Faste treffpunkt**

Teorien til Glavin og Erdal (2010) seier regelmessige møter etter fastsatt møteplan er noko som har vist seg å vere av betydning for eit tverrfagleg samarbeid. Rammeplanen (2011) gir også uttrykk for at det bør vere eit mål å få til eit samarbeid basert på regelmessig kontakt. Dette står i samanheng men det alle informantane sa om faste HSP-møter (Helse, Sosial, Pedagogikk). Kommunen har vedteke at alle barnehagar, barnevern, PPT og helsestasjon skal ha faste HSP-møter to gonger i året. På desse møta vert ein betre kjend med dei ulike instansane som deltek, diskuterer ulike problemstillingar og utvekslar kunnskap og erfaring. Det viser også til ein anna faktor som er viktig for å lukkast i eit samarbeid; forankring og system (Glavin & Erdal, 2010). Kommunen har forankra tverrfagleg samarbeid inn i sine planar. På denne måten er ikkje samarbeidet avhengig av enkeltpersonar, men er noko som skal skje.

S3 gav uttrykk for at dei ikkje alltid fekk til HSP-møter to gonger i året. Kva konsekvensar vil dette få for S3 og S3 sin barnehage når mykje av kunnskapsutvekslinga mellom barnehagen og barnevernet skjer på desse møta? I følgje Kinge (2012) kan samarbeidet bli hemma av for lite kunnskap om kvarandre sin kompetanse. For lite kunnskap om kvarandre kan føre til at ein ikkje har tillit til kvarandre (Glavin & Erdal, 2010). For å utvikle tillit uttrykkjer Kvello & Moe (2014) at folk må møtast. Det står i samanheng med Winsvold (2011) og Eriksen og Germeten (2012), som viser til betydninga av felles møteplassar for å opparbeide tillit. «Tillit er både en forutsetning for samarbeid og et resultat av samarbeidet» (Kvello & Moe (red.), 2014, s. 99). Grimen (2008) gir uttrykk for at tillit gjer overføring av informasjon og kunnskap lettare og samarbeidet blir lettare. I likheit med dette viser fleire studiar at informasjonsutveksling kan vere eit viktig tiltak som er med på å fremje samarbeid (Kinge, 2012). Eg stiller spørsmål til kvifor ikkje S3 klarer å få til HSP-møter to gonger

i året, sjølv om det er fastsett i kommunens planar. Kanskje ikkje faste treffpunkt blir prioritert i ein travel barnehagekvardag?

## Kunnskap

Glavin og Erdal (2010) viser til faktoren kunnskap om kvarandre som viktig for å lukkast med eit tverrfagleg samarbeid. Eriksen og Germeten (2012) meiner også kunnskap om kvarandre er nødvendig for eit betre samarbeid. Det er viktig at samarbeidspartane får kunnskap om den enkeltes rolle og ansvar. Ein kan då lettare nytte kvarandre sine ressursar og sjå at andre har noko å bidra med. Det er viktig at etatane ser dei har bruk for kvarandre (Glavin & Erdal, 2010). Dette kan me sjå i samanheng med det S2 hadde erfart. S2 sa dei hadde blitt invitert til fleire einingsmøter, der blant anna barneverntenesta deltok. Ved å bli invitert på slike møter, der dei fekk sjå eit ansikt og høyre om kva saker dei hadde, førte det til at S2 meldte ei sak til barnevernet. Dette eksempelet viser at kunnskap om kvarandre kan føre til fleire meldingar frå barnehagen og eit betre samarbeid. Det er viktig at ein gir kvarandre innsikt i kvarandre si rolle i samarbeidet, då dette vil føre til tryggleik (Glavin & Erdal, 2010). Det står i samanheng med det S2 uttrykkjer: «Me har blitt tryggare i kva me skal sjå etter når det er mistanke om at barn ikkje har det så godt». Vidare kan ein sjå det i samanheng med Backe- Hansens forskning (2009). Backe- Hansens forskning viser at kunnskap og rettleiing frå tilsette i barnevernet vil føre til at ein føler seg tryggare og meir sikre på det arbeidet ein gjer i forhold til ei bekymringsmelding. Dette samsvarar med det barnevernsinformantens seier om deira rolle i samarbeidet med barnehagen; «barneverntenesta si rolle i samarbeidet med barnehagen er å rettleie barnehagen når vanskelege situasjonar eller bekymringar for eit barn oppstår».

## Melding til barnevernet

Barnehagen er ein av dei instansane som melder minst ifrå til barneverntenesta. Den står for kun fem prosent av bekymringsmeldingane til barneverntenesta (Bufetat, 2012). Dette kan ein kople opp mot det informanten i barnevernet sa; «Me er i kontakt med barnehagar som aldri har sendt ei bekymringsmelding til oss nokon gong... Verden er jo ikkje så fin at det ikkje har vore behov for det...». På ei anna side seier informanten i barneverntenesta at barnehagane i kommunen melder meir no enn før. Informanten meiner det er grunna mange år med tett samarbeid og fokus på å få opp antall bekymringsmeldingar frå barnehagane. Dette samsvarar med det S3 sa: «Det barnevernet har vore veldig på hogget på no, det er å ufarleggjere barneverntenesta» og det S2 sa: «barnevernet har vore med å ufarleggjort seg sjølv ved å vore i barnehagane og vist seg fram». Ut i frå det informantane seier kan ein knyte det opp mot teorien til Kinge (2012). Kinge seier det er lettare å søke om hjelp når det er behov dersom ein har eit kjent og «attraktivt» hjelpeapparat. Eit ukjent og «mystisk» hjelpeapparat kan føre til at færre nyttar seg av hjelp. Kvello & Moe (2014) gir uttrykk for det same; Auka openheit og større vilje og evne til å samarbeide med andre fagpersonar og etatar vil tene både barneverntenesta sitt omdømme og tenestas evne til å hjelpe barn gjennom vanskelege oppvekstforhold. Til tross for at barnehagane i denne kommunen melder meir no enn før kan ein undre seg over at det fortsatt er barnehagar som ikkje har sendt bekymringsmelding til

barnevernet. Kan «ufarleggjering» av barnevernet føre til fleire bekymringsmeldingar frå barnehagen i framtida?

Ein del av samarbeidet mellom barnehagen og barnevernet handlar om at barnevernet mottar og vurderer bekymringsmeldingar frå barnehagen (Kvelling & Moe (red.), 2014). Ved spørsmål om det var vanskeleg å melde ei sak til barnevernet svarte S3: «Det er alltid ein terskel, også må me vere 100% sikre». I motsetnad til S3 svarte S2 at før hadde dei tenkt dei måtte vere 100% sikre før dei sendte ei bekymringsmelding, men etter ei føreløsing dei hadde vore på hadde dei lært at dei kunne melde ei sak om du hadde ei dårleg magekjensle. Det er interessant at dei to informantane har ulike oppfatningar om når ein kan melde til barnevernet. Ein kan sjå at S2 har endra synspunkt etter å ha fått auka kunnskap om barnevernet. Dette stemmer over eins med teorien til Glavin og Erdal (2010) som seier tverrfaglege møter kan bidra til auka kunnskap og kompetanse hjå dei ulike yrkesutøvarane. Dette vil igjen føre til betre kvalitet på tilboda til barn og deira familie. Det stemmer òg over eins med det Kinge (2012) seier om viktigheita med å ha kunnskap om kvarandre for å kunne utnytte kvarandre sine ressursar og for å kunne gi barn hjelp, støtte og tilrettelegging.

I 2012 mottok 53 200 barn og unge i alderen 0-22 år tiltak frå barnevernet (Statistisk Sentralbyrå, 2013). Som tidlegare nemnt står barnehagen for kun fem prosent av meldingane til barnevernet. Då eg spurde informantane kva ein kan gjere for å heve antall meldingar frå barnehagen svarte S1 det handla mykje om kunnskap om barnevernet og mangel på tillit til barnevernssystemet. Vidare sa S1 at for å få tillit er det viktig at ein blir kjend med menneska som arbeider i barneverntenesta, kva hjelpetiltak ein kan nytte seg av og at ein ser at tiltaka nyttar. Dette står i samanheng med det Kvelling & Moe (2014), Windsvold (2011) og Eriksen og Germeten (2012) seier om at ein må møtast for å opparbeide seg tillit. Ein kan også sjå det i samanheng med det S1 seier vidare; «alle har til ein viss grad angst for barnevernet, men etter kvart som me har jobba tverrfagleg, så har det blitt mindre barrierar. Så det å bli kjent med kvarandre, og vite om kvarandres mandat og kvarandres oppdrag, det er veldig viktig». Ut i frå det informanten seier kan ein knyte det opp mot Glavin og Erdal (2010) sin teori; Det er lettare å sjå at andre har noko å bidra med dersom ein har kjennskap til kvarandre sine fagområder. Ein kan også sjå det i samanheng med Eriksens og Germetens teori som seier det er nødvendig å ha betre kjennskap til kvarandre og å vere oppdatert på kvarandres mandat og arbeidsoppgåver for å få til eit betre samarbeid mellom og på tvers av profesjonar. S1 viser viktigheita av å bli kjende med kvarandre gjennom tverrfagleg arbeid for å bryte ned barnehagens eventuelle barrierar for å ta kontakt med barnevernet.

### **Fast kontaktperson**

Som tidlegare nemnt sa S2 at ved å bli invitert på einingsmøter, der dei fekk sjå eit ansikt og høyre om kva saker barnevernet hadde, førte det til at S2 meldte ei sak til barnevernet. I dette dømet snakkar S2 om å «sjå eit ansikt». Både S2 og S3 hadde ein fast kontaktperson i barnevernet som dei kunne ta kontakt med

når dei ville. Dei sa det var lettare å ta opp ting når dei visste kven dei snakka med. Ut i frå det informantane seier kan ein knyte det opp mot teorien til Eriksen og Germeten (2012) som seier at ved å utpeike ein fast kontaktperson i barnevernet, som dei samarbeidande institusjonane kan verte kjende med og kontakte, kan det bli lettare å ta kontakt med og inngå eit samarbeid med barnevernet. I likheit med Eriksen og Germeten peiker også Winsvold (2011) på det å ha eit ansikt å forhalde seg til som viktig. Dette kan også sjåast i samanheng med det informanten i barneverntenesta sa om HSP-møta: «på desse møta får barnehagane faste kontaktpersonar i barnevernet slik at det er eit kjent ansikt dei møter, noko som skaper tryggleik». Dette kan ein knyte opp mot faktoren tryggleik, som òg er ein av faktorane som Glavin og Erdal (2010) meiner må til for å lukkast med eit tverrfagleg samarbeid.

### Teieplikt

Når eg spurde styrarane om korleis dei skulle ynskje samarbeidet var svara både S1 og S3 at dei skulle ynskje barnevernet informerte litt tettare og oftare etter barnehagen hadde meldt ei sak. Dei seier vidare dei synest det er sterke bindingar i forhold til barneverntenestas teieplikt. Informantane sitt syn på teieplikta stemmer over eins med Kvello og Moe (2014) sin teori som seier barnevernet er underlagt strengare teiepliktbestemmingar enn andre kommunale verksemdar grunna deira rolle som tenesteleverandør og myndigheitsutøvar. Dette kan vere vanskeleg å formidle vidare til samarbeidspartar, og kan gjere det tverrfaglege samarbeidet vanskeleg. Ein kan sjå S1 og S3 sitt syn på teieplikta i samanheng med Eriksens og Germetens (2012) teori som seier at dersom kontakten mellom barnehagen og barnevernet opplevast som lukka og einsegn, fører dette til usikkerheit i forhold til korleis informasjonen barnehagen gir fortolkast og brukast. Ein kan dra parallellar mellom Eriksens og Germetens teori og det S1 sa; «Barneverntenesta fekk ei lovending, der dei skal gi tilbakemelding om kva som skjer med barnet, men det tek ofte veldig lang tid før me veit kva som skjer. Og me veit veldig lite om kva som skjer med barnet». S1 seier vidare at ho/han skulle ynskje barnevernet spurde foreldra om tillating til å gi informasjon til barnehagen. I motsetning til S1 sa informanten i barneverntenesta at barnevernet alltid prøver å få til eit samtykke frå foreldra slik at informasjonsflyten kan gå. I likheit med barnevernsinformanten, seier Kinge (2012) at teieplikta ikkje treng å vere til hinder for informasjonsoverføring/utveksling i eit tverrfagleg samarbeid. Ein kan hente inn samtykke frå foreldre, noko som vil føre til eit samarbeid som inneheld variert kunnskap og auka forståing for handlingsmoglegheiter. S1 uttrykkjer at dette samtykke sjeldan blir innhenta. Det fører til, i dette tilfellet, at S1 «opplever det som om barnevernet er litt utilgjengeleg». Ein ser at teieplikta kan opplevast som eit hinder for eit godt samarbeid dersom eit samtykke frå foreldra ikkje blir innhenta.

For å få til eit godt samarbeid mellom barnehagen og barnevernet seier informanten i barneverntenesta at det er viktig å møte kvar person ein er i kontakt med på ein respektfull måte, og ein må ha ei forståing for kva oppgåver ein har, men også kunne stille kritiske spørsmål. Dette kan me sjå i samanheng med det Glavin og Erdal (2010) seier; å vise respekt handlar om å ta den enkelte på alvor og vere audmjuk for den

sin kompetanse og arbeidssituasjon. I likheit med Glavin og Erdal (2010) seier S3 om barnevernet; «dei har eit anna lovverk i forhold til å gi ut informasjon, og det må eg akseptere». S3 viser her viktigeita med å akseptere og respekter at barnevernet er underlagt andre lover enn barnehagen, sjølv om barnehagen opplever teieplikta som eit hinder i samarbeidet.

### Kvifor samarbeide

Når spørsmålet om kvifor barnehagen er ein viktig samarbeidspartnar for barnevernet svarte alle informantane at dei fleste barn går i barnehagen, og dei er i barnehagen store delar av si vakne tid. Alle styrarane sa dei kjem veldig nær både barn og foreldre, og det viktigaste dei kan gjere er å sjå barnet. Informanten i barneverntenesta uttrykte; «Personalet i barnehagen kan sjå på barna med nye auger og vere med å setje fingern på ting dersom det er vanskar med barnet». Dette kan me sjå i samanheng med det Kunnskapsdepartementet og Barne- og likestillingsdepartementet (2009) gir uttrykk for i rettleiaren *Til barnets beste*; Barn er mykje i barnehagen i løpet av sine første leveår, noko som gir barnehagetilsette ein unik moglegheit til å observere barn over tid og i ulike situasjonar. Anna teori som stemmer overeins med det informantane seier er Horverak og Solstad (2008) si framstilling om at barnehagen er ein sjølvsgatt samarbeidspartnar for barnevernet grunna det store fokuset på å komme tidlegast mogleg inn for å gi hjelp til dei som treng det. Barnehagen er altså ein viktig samarbeidspartnar for barnevernet grunna deira unike moglegheit til å observere og oppdage moglege grunnar til bekymring kring eit barn.

Ved spørsmål om korleis eit godt samarbeid med barnevernet vil påverke barnehagen svarte S1 at då kunne barnehagen og barnevernet brukt kvarandre som rådgivarar. S1 seier vidare at no brukar barnehagen barnevernet mykje som rådgivar, men dei opplever sjeldan det motsette. Dersom ein ser det som vart skrive i førre avsnitt i samanheng med det S1 uttrykkjer kan det sjå ut som om barnevernet, i dette tilfellet, ikkje nyttar barnehagens unike kunnskap om barn og deira moglegheit til observasjon. Ein kan sjå dette i samanheng med det Glavin og Erdal (2010) seier om at det er viktig å ha tillit til kvarandre i eit samarbeid, og tillit handlar om å sjå at andre har relevant kunnskap. Vidare seier Glavin og Erdal (2010) at dersom ein part føler at samarbeidet ikkje er nyttig for seg kan dette hindre eller vere ein motstand i eit tverrfagleg samarbeid. Sett i eit slikt lys kan ein undre seg om S1 ikkje føler seg nyttig i samarbeidet med barneverntenesta grunna at dei sjeldan opplever å bli brukt som rådgivarar for barneverntenesta? På ei anna side kan ein sjå Kvello og Moe (2014) sin teori opp mot dette. Kvello & Moe seier det er ynskjeleg, både frå eit statleg og kommunalt nivå, at barnevernet skal vere ein del av eit heilheitleg hjelpetilbod. Større vilje og evne til å samarbeide med andre fagpersonar vil tene både barneverntenesta sitt omdømme og evne til å hjelpe barn gjennom vanskelege oppvekstvilkår. Ein kan altså oppleve si rolle i eit samarbeid som unyttig dersom dei ulike partane ikkje er samarbeidsvillige og ikkje ser at andre i samarbeidet har relevant kunnskap som kan vere med på å hjelpe barn i vanskelege oppvekstvilkår.

## Avslutning

I denne oppgåva ville eg få svar på problemstillinga: «Kva skal til for å få til eit godt samarbeid mellom barnehagen og barnevernet?». Hensikta med denne oppgåva var å få auka kunnskap om korleis eit samarbeid mellom barnehagen og barnevernet kan sjå ut, då eg meiner utdanninga tek dette viktige temaet alt for lite opp i undervisninga.

I undersøkinga kjem det tydeleg fram at barnehagen er ein viktig samarbeidspart for barneverntenesta grunna deira unike moglegheit til å observere barn. Gjennom arbeidet med denne oppgåva har eg fått innsikt i ulike faktorar som er med på både å fremje og hemme eit godt samarbeid mellom barnehagen og barnevernet. For å få til eit godt samarbeid er det viktig at ein prioriterer faste treffpunkt i ein travel kvardag, då mykje av kunnskapsutvekslinga mellom barnehagen og barneverntenesta skjer på desse møta. Felles møtepunkt kan vere med på å utvikle tillit mellom samarbeidspartane. «Tillit er både en forutsetning for samarbeid og et resultat av samarbeidet» (Kvillo & Moe (red.), 2014, s. 99). Ved at barnehagen ikkje prioriterer faste treffpunkt med barneverntenesta *kan* det føre til mindre kunnskapsutveksling mellom instansane, som igjen kan påverke tilliten barnehagen har til barnevernet og samarbeidet kan bli hemma. Undersøkinga viser også at det å ha ein fast kontaktperson i barnevernet er av betydning for eit godt samarbeid fordi det skapar tryggleik. Dette kan føre til at ein lettare tek opp ting med barneverntenesta. Det å ha faste møtepunkt med ein fast kontaktperson til stades kan vere med å skape eit godt samarbeid mellom barnehagen og barnevernet, der dei ulike partane kjenner seg trygge på kvarandre.

I arbeidet med oppgåva har eg sett at kunnskap om kvarandre er viktig for å få til eit godt samarbeid. Kunnskap kan føre til at ein lettare ser kvarandre sine ressursar og kva ein kan bidra med (Glavin og Erdal, 2010). Ein blir tryggare både på si eiga og andre si yrkesrolle. Eg ser det er viktig at barnevernet arbeider for å betre folk si forståing og kunnskap om barnevernet for å prøve å få fleire barnehagar til å melde til barnevernet. Ved at barnehagane får eit positivt bilete av barneverntenesta og ser på dei som eit kjent og «attraktivt» hjelpeapparat, *kan* det føre til at barnehagane får auka kompetanse, som igjen kan gjere det lettare å ta kontakt med barnevernet ved bekymring. Ein kan stille seg spørsmålet om ein i framtida vil kunne sjå auke i antall bekymringsmeldingar frå barnehagen dersom meir kunnskap om barneverntenesta blir prioritert og synleggjort? Undersøkinga viser at det er barnehagar som ikkje har sendt bekymringsmeldingar til barnevernet i det heile teke. Dette viser at ein fortsatt har ein veg å gå for å endre barnehagens statistikk på dette området.

I undersøkinga viser det seg at barneverntenesta si teieplikt kan opplevast som eit hinder for eit godt samarbeid dersom eit samtykke frå foreldra ikkje blir innhenta. Det er viktig at barnehagen er klar over denne problemstillinga og aksepterer at barneverntenesta er i ein anna arbeidssituasjon med andre lovverk enn dei sjølve. Det er av betydning at andre instansar ikkje opplever barneverntenesta som ein «utilgjengeleg» instans, då dette kan virke hemmande på eit godt samarbeid. Eg ser viktigheita av at

barnehagen og barneverntenesta blir kjende med kvarandre gjennom tverrfagleg arbeid for å bryte ned barnehagens eventuelle barrierar for å ta kontakt med barnevernet.

Arbeidet med denne oppgåva har vore ein lærerik prosess, der eg har fått auka kunnskap om barnehagens samarbeid med barneverntenesta. Eg ser det er eit betydingsfullt samarbeid som ein må prioritere og fokusere på. Eg har fått innsikt i kor viktig det er med kunnskap om kvarandre som instansar for å kunne gi barn den hjelpa dei treng til rett tid. Det er viktig i framtida at ein aukar kunnskapen kring dette temaet for å få opp antall bekymringsmeldingar frå barnehagen. For at eg skulle ha fått ei større forståing og innsikt i samarbeidet mellom barnehagen og barnevernet kunne eg intervjuar fleire informantar. Funna mine kan ikkje generaliserast og gjelde for alle samarbeid. For det andre kunne eg også undersøkt barn og foreldre. Då hadde eg fått ei større og betre forståing av det heilheitlege samarbeidet.

## Litteraturliste

### Ordinært pensum

Dalland, O. (2007). *Metode og oppgaveskriving for studenter*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Jacobsen, D. I. (2013). *Forståelse, beskrivelse og forklaring- innføring i metode for helse- og sosialfagene*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.

Kunnskapsdepartementet. (2011). *Rammeplan for innholdet i og oppgåvene til barnehagen*. Bergen: Fagbokforlaget.

Kunnskapsdepartementet, & Barne- og likestillingsdepartementet. (2009). *Til barnets beste- samarbeid mellom barnehagen og barneverntjenesten*. Barne- og likestillingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet.

Lovdata. (1993, Januar 1). *Lov om barneverntjenester (barnevernloven)- taushetsplikt*. Hentet fra Henta 08.04.14: [http://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100/KAPITTEL\\_7#§6-7](http://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100/KAPITTEL_7#§6-7)

Lovdata. (1993, Januar 1). *Lov om barneverntjenester (barnevernloven)- Tilbakemelding til melder*. Hentet fra Henta: 24.04.14: [http://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100/KAPITTEL\\_7#§6-7](http://lovdata.no/dokument/NL/lov/1992-07-17-100/KAPITTEL_7#§6-7)

### Sjølvvald pensum

"Hvem melder til barnevernet?" [Bilde]. (2013). Hentet fra <http://www.bufetat.no/om/statistikk/barnevern/>

Barne- og likestillingsdepartementet. (2005). *Opplysningsplikt til barnevernet og barnevernets adgang til å gi opplysninger*. Hentet Februar 19, 2014 fra [http://www.regjeringen.no/upload/kilde/bld/bro/2006/0003/ddd/pdfv/270272-web\\_opplysn.pdf](http://www.regjeringen.no/upload/kilde/bld/bro/2006/0003/ddd/pdfv/270272-web_opplysn.pdf)

Barne,- ungdoms- og familiedirektoratet. (2013, Oktober). *Barnevernet i Norge*. Hentet fra [http://www.bufetat.no/Documents/Bufetat.no/Barnevernet%20i%20Norge%202013/Faktaark\\_2013\\_Barnevernet.pdf](http://www.bufetat.no/Documents/Bufetat.no/Barnevernet%20i%20Norge%202013/Faktaark_2013_Barnevernet.pdf)

Bufetat. (2012, Juni 27). *Flere barn får hjelp av barnevernet*. Hentet fra <http://www.bufetat.no/nyheter/Flere-barn-far-hjelp-av-barnevernet/>

Bunkholdt, V., & Sandbæk, M. (2008). *Praktisk barnevernarbeid*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Eriksen, E., & Germeten, S. (2012). *Barnevern i barnehage og skole- møte mellom barn, foreldre og profesjoner*. Oslo: Cappelen Damm AS.

Glavin, K., & Erdal, B. (2010). *Tverrfaglig samarbeid i praksis- til beste for barn og unge i Kommune- Norge*. Oslo: Kommuneforlaget AS.

Grimen, H. (2008). Profesjon og tillit. I A. Molander, & L. I. Terum, *Profesjonsstudier* (ss. 197-215). Oslo: Universitetsforlaget.

Helsetilsynet. (2009). *Utsatte barn og unge – behov for bedre samarbeid*. Oslo: Helsetilsynet.

Horverak, S., & Solstad (red.), A. (2008). *Kort om barnevernet*. Oslo: Universitetsforlaget.



- Kinge, E. (2012). *Tverretattlig samarbeid omkring barn- En kilde til styrke og håp?* Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Kunnskapsdirektoratet. (2011). *Rammeplan for barnehagens innhald og oppgaver*. Kunnskapsdepartementet.
- Kvello, Ø., & Moe (red.), T. (2014). *Barnevernledelse*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Larsen, A. K., & Slåtten, M. V. (2011). *En bok om oppvekst- samfunnsfag for førskolelærere*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Statistisk Sentralbyrå. (2013, Juni 26). *Barnevern 2012- Fleire barn under omsorg*. Hentet fra <http://ssb.no/sosiale-forhold-og-kriminalitet/statistikker/barneverng>
- Winsvold, A. I. (2011). *Rapport 18/11: Evalueringen av prosjektet Sammen for barn og unge- bedre samordning av tjenester til utsatte barn og unge*. Oslo: NOVA.

## VEDLEGG 1

### Spørsmålsguide

#### Styrar

1. Det står i Rammeplanen at «Den enkelte kommune må finne hensiktsmessige løsninger på hvordan barnehage og barnevern skal samarbeide». Korleis er samarbeidet her i kommunen?
  - A. Er det berre kontakt når det er snakk om enkeltsaker, eller har de kontakt utan at det er knytt opp til noko konkret sak?
2. Korleis skulle du ynskje at samarbeidet var?
3. Korleis vil eit godt samarbeid med barnevernet påverke barnehagen?
4. Kvifor er barnehagen ein viktig samarbeidspartnar for barnevernet?
5. Tal viser at barnehagen er den instansen som melder minst ifrå til barnevernet. Kva trur du grunnen til dette er?
  - A. Kva kan ein gjere for å heve dette talet her?
  - B. Kva er det som gjer at barnehagen sender melding til barnevernet? Kva utløyser ein bekymring?
  - C. Er det vanskeleg å melde til barnevernet?
6. Kva kan vere med på å gjere det mindre vanskeleg å melde ifrå til barnevernet?
  - A. Kan større kunnskap om barnevernet vere med å påverke om ein melder til barnevernet eller ikkje?
  - B. Kva kunnskap har barnehagepersonalet om barnevernet?
7. Er det noko du vil tilføye heilt til slutt?

#### Barneverntenesta

1. Det står i Rammeplanen at «Den enkelte kommune må finne hensiktsmessige løsninger på hvordan barnehage og barnevern skal samarbeide». Korleis er samarbeidet her i kommunen?
  - A. Er det berre kontakt når det er snakk om enkeltsaker, eller har de kontakt utan at det er knytt opp til noko konkret sak?
2. Er det viktig med eit godt samarbeid med barnehagen?
  - A. Kvifor?
3. Kvifor er barnehagen ein viktig samarbeidspartnar for dykk?

4. Kva kan ein gjere for å få til ein godt samarbeid mellom barneverntenesta og barnehagen?
  - A. Kva hjelpetiltak kan de setje i gong i barnehagen?
  - B. Kva anna gjer de for å betre samarbeidet?
  - C. Kva blir dykkar rolle i eit godt samarbeid med barnehagen?
5. Tal viser at barnehagen er den instansen som melder minst ifrå til barnevernet. Kva tenkjer de om det?
  - A. Har det oppdaterte tal på dette?
  - B. Kva kan vere grunnen til dette trur du?
  - C. Kva konsekvensar har dette?
6. Kva betydning vil det ha dersom barnehagen byrjar å melde ifrå til barnevernet oftare?
7. Kva konkrete tiltak gjer de for å gi folk ei betre forståing av barnevernet?
8. Noko du vil tilføye heilt til slutt?